



Badeplassen er eitt av resultatane av Bygdeutviklingsprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Korleis skal vi, med Uskedalen Utvikling som motor, organisera oss til beste for bygda når Bygdeutviklingsprosjektet er slutt ved årsskiftet? Skal arbeidet skje etter ein prosjektmodell eller i faste grupper?

Det er to av spørsmåla som blir stilt til dei som kjem til det opne møtet tysdag kl. 19 i Gamleskulen.

- Etter ei innleiing om ulike driftsmodellar, legg vi opp til drøfting og eventuelt gruppearbeid om vidare satsing på gode og samordnande tiltak i dalen, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no

Han strekar under at ikkje berre lag og organisasjonar men også andre interesserte er velkomne. Organiseringa framover er viktig når det gjeld å koma fram til ein effektiv modell til beste for bygda.

Bygdeutviklingsprosjektet har vore i gang i to år er blant resultatane av arbeidet er rasteplassen ved Grana, nettsida som du no les og badeplassen.